

# Å LESE SAMANSETTE TEKSTAR I SAMFUNNSFAGA

Av Trude Alfsvåg, Peter Mørk og Bente Stausland Skartveit



Det er [...] tydeleg at den skriftlege informasjonen har høgast prioritet hos elevane. Det er brødteksten som er hovudkjelda for informasjon. (Anne Løvland, 2011, s. 146). Foto: Getty Images

Når ein les i den nye læreplanen for å finne kva for tekstar og på kva for måtar elevane skal lese i samfunnsfaga, finn ein blant anna at de skal "utforske, tolke og reflektere kritisk over ulike historiske, geografiske og samfunnskunnskaplege kjelder" (udir.no). Det står og at elevane gradvis skal øve seg opp til sjølv å finne og samanlikne informasjon i eit større mangfold av komplekse kjelder. Felles for desse kjeldene er at dei er multimodale, det vil seie samansette tekstar. Tekstane er bygd


opp av fleire ulike uttrykksformer, også kalla modalitetar eller meiningsberande ressursar, som til dømes verbaltekst, biletet og illustrasjonar (Løvland, 2011). Om elevane finn statistikk på nettsida til SSB vil dei kunne finne ein graf og ein forklarande verbaltekst som skal lesast i saman. Det er altså fleire uttrykksformer i same tekst som dannar ei heilskapleg mening, og elevane må meistre den kunsta det er å oppdage og tolke samspelet mellom dei ulike ressursane.

Ein studie gjennomført av Anne Løyland (2011) viser at ikkje alle elevar ser på biletar og illustrasjonar som meiningsberande ressursar. Ho fann at elevar på 5. trinn viste sterkt tilslutning til den verbale framstillinga, og tilsvarende nedvurdering av det visuelle uttrykket. Bilete blei gjerne sett på som barnlege eller unødvendige. Fleire av elevane meinte at dei fekk same informasjon gjennom tekst og biletar, og at biletar difor var overflødig. Eit interessant funn frå denne studien er at det var ingen av elevane som uttrykte tanken om at vesentleg informasjon som ikkje finst i verbalteksten, kan komme til uttrykk gjennom biletar. Når elevane skal lese i samfunnsfaga og har slike oppfatningar, går dei glipp av sentral informasjon i teksten, og meiningsa dei tek ut av teksten blir da ikkje fullstendig.

## EIT UTVIDA TEKSTOMGREP

Mennesket er i stand til å kommunisere med kvarandre på mange ulikemåtar. Vi brukar lydar, symbol, biletar og grafar og ei rekke andre tegn for å kommunisere. Studien av tegn i samfunnet kallast semiologi, og i semiologi kan alle tegn lesast som ei form for tekst. Derfor snakkar semiologar ofte om eit utvida tekstbegrep. I følge Roland Barthes (1999, s. 20) kan eit klesplagg, ein bil, ein matrett, ein håndbevegelse, ein film, eit musikkstykke, eit reklamebilde, eit møbel, ei avisoverskrift vere tegn som kan lesast og bli forstått av andre.

VERDAS ELDSTE SKO - FORDELING AV ELEVVAR I %



På nasjonale prøver i lesing på ungdomstrinn i 2018 var ein av tekstane ein samansett VG-artikkel om verdas eldste sko. Elevane fikk tre spørsmål til teksten som kravde at dei samanstilte informasjon frå ulike tekstelement. Diagrammet syner andelen elevar på landsbasis som valde rett svar og andelen som valde dei gale svaralternativa eller ikkje svarte på oppgåva.

Nyare resultat frå nasjonale prøver bekreftar at det er vanskeleg for elevane å finne sentral informasjon i ein samansett tekst (Roe, Ryen & Weyergang, 2018). Kartleggingar viser at når elevar skal lese samansette tekstar, les dei ofte hovudteksten med forventingar om å finne "svaret" der, og rettar mindre merksemd til dei grafiske framstillingane. Det er og utfordrande for elevane å knytte saman informasjon som er oppgitt ulike stadar i teksten, altså å samanhalde informasjon.<sup>1</sup> Slike funn frå forsking og nasjonale kart-

leggingsprøver fortel oss at lærarar har eit viktig oppdrag i å bevisstgjere om og vise elevane at illustrasjonar i tekstar er av betydning for forståinga. Dei har eit formål og må lesast deretter. Elevane må tolke samspelet mellom verbaltekst og biletet, og dei må ha kjennskap til korleis dei ulike typane tekstar dei møter i faget er konstruerte. Arbeid med multimodale tekstar i samfunnsfaga bidrar til å utvikle elevane sine evner til å vere undersøkande, analytiske og kritiske i lesinga si.

<sup>1</sup> Sentral informasjon kan dukke opp kor som helst i ein tekst! (Mange elevar vil nok også hevda at informasjon faktisk har evna til å gøyme seg i tekstar.) Samanhaldning av informasjon er ei slags forhandling mellom ulike informasjonskjelder, der leseren må vurdere, stille seg kritisk til og velje ut relevant informasjon til formålet med lesinga.

#### REFERANSAR:

- Barthes, R. (1999). *I tegnets tid*. Oslo: Pax forlag.
- Løvland, A. (2011). *På jakt etter svar og forståing : Samansette fagtekstar i skulen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Roe, A., Ryen, J., & Weyergang, C. (2018). *God leseopplæring med nasjonale prøver : Om elevers leseutfordringer i et mangfold av tekster*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Utdanningsdirektoratet. (2020). Læreplan i samfunnsfag (SAF01-04). <https://www.udir.no/Ik20/saf01-04>

#### LAYOUT:

Peter Mørk, Skrivesenteret